



Haugland Vvs AS
Lyngvegen 2
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1052 - 19/16865

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
07.08.2019

Godkjenning- tilkoping av hytte til kommunalt vatn GBNR 36/60 Nordre Ådland

Administrativt vedtak. Saknr: 175/2019

Tiltakshavar: Helge Pedersen
Ansvarleg søkjar: AS Haugland VVS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld tilkoping av nyare fritidsbustad (hytte nr.2) på Gbnr 36/60 Nordre Ådland til kommunalt vatn. Det vert elles vist til søknad motteken 10.05.19 og supplert 09.07.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 07.06.19 . Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 09.07.19. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg føre samtykke frå eigar av private vassleidningar Egil Gripsgård.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplanen motteke 08.05.19.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket – nyare hytte (hytte nr.2 på eigedommen) skal knytast til offentleg vassverk via privat vassleidning, hytte er tilkoplta felles privat kloakkleidning via slamavskiljar frå før i tråd med vedtaket av 03.04.08. Det er søkt om løyve til tilknytning til kommunalt vatn nå.

Forhald for vasstilkopling for eldre hytte på eigedommen og naustet er uavklart og skal handsamast i eigen sak.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, dagsett 08.05.19.

Ansvarlege i byggesaker innerstar for at tiltaket vert utført i samsvar med krav i eller i medhald av lov, jf. pbl § 23 - 1.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for tilknytning av fritidsbustad til kommunalt vatn på følgjande vilkår:

1. «Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteke 10.05.19 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling datert 29.01.18 og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan. Tilknytninga skjer på følgjande vilkår:
 - Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
 - Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
 - Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.
 - Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
 - Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2019 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.»

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det

vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1052

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Søknad om nytt abonnement til offentlig vatn GBNR 36/60 - opprinneleg fil

Mottakarar:

Haugland Vvs AS

Lyngvegen 2

5914

ISDALSTØ